

## **Nyhetsbrev 2022-5**

### **God vår!**

Nå livnar det til ute, kjekt å sjå full aktivitet på jordene og kjenne at det luktar vår.

### **Påminning om straumstøtte**

For å få kompensasjon for straumrekninga må du hugse å sende inn målepunktsID som er knytt til din produksjon, det gjer du [her](#) innan fristen 15. mai! Lurar du på noko angåande straumordninga kan du ta kontakt med Alf Henning.

### **Fortsatt god moglegheit for tilskot til å bytte ut piggrådsgjerde med anna gjerde**

Piggrådordninga held fram. Du kan nå søkje om tilskot opp til kr. 10 pr. m piggrådsgjerde for nye søkerar i år. Du søker SMIL-midlar gjennom Altinn.

### **Kontroll av spreieareal**

Hå kommune set nå i gong eit større arbeid med å kontrollere bruk av spreieareal i kommunen. Det skal vera 4 daa spreieareal pr. gjødseldyreeining (GDE) og ein må ha skriftlege avtalar på det. I tillegg skal ein ha kvitteringar for levert / motteke gjødsel og ein må ha gjødslingsplanar i samsvar med dette. Vi vil derfor kvart år hente inn dokumentasjon frå eit utval av gardsbruk i kommunen.

Har du bruk for skjema til å skrive avtale og kvittering, så finn du det [her](#).

Vil du beregne ditt spreieareal, så finn du [rekneark her](#) – ta gjerne kontakt med oss dersom du treng hjelp til berekning.

Lukka til med vårvinna !